

Oppsummering innspel – Varsel om oppstart av planarbeid

Plannamn	Detaljregulering for zipline i Geiranger
Plan-ID	
Saksnummer (Nordplan/kommune)	18113
Utarbeidd av	Nordplan AS
Datert/revidert	30.10.2018

Oppstart av planarbeidet vart kunngjort i avisa Sunnmøringen og på Nordplan si heimeside. I tillegg er grunneigarar og offentlege etatar tilskrivne. Frist for uttale var sett til 31.08.2018. Det kom inn 6 innspel til varsel om oppstart. Hovudinnhald og vår vurdering av innspela er oppsummert slik:

Nr	Dato/avsendar	Oppsummert innspel	Nordplan sin kommentar
1	31.08.2018/ Fylkesmannen i Møre og Romsdal	<p>Ein bør sjå Via Ferrata og ziplinen i samanheng, og det må gjerast ei heilskapleg vurdering av begge tiltaka. Det går ikkje tydeleg fram av oppstartsvarselet om reguleringsplanen også skal omfatte Via Ferrataen. Fylkesmannen meiner kommunen bør krevje reguleringsplan for desse tiltaka samla, og at all tilrettelegging som vil følgje av dei planlagde tiltaka blir synleggjort i planen.</p> <p>Tiltaket vil kunne kome i konflikt med ein registrert hekkelokalitet for hubro. Fylkesmannen er uroa for kva økt aktivitet og wire i området vil kunne føre til og krev at forholdet til hubro blir grundig vurdert i forhold til naturmangfaldsloven.</p> <p>Landskapet i Geiranger er i ein særklasse av nasjonal og internasjonal verdi. Naturvenleg tilrettelegging skal være eit førande prinsipp og landskapsverknaden må vurderast grundig.</p> <p>Tiltaket er planlagt i eit område som er utsett for naturfare, spesielt skred og flaum. Kommunen må vere medviten om den risiko som følgjer med å legge til rette for opphald i potensielt farlege område. Forholdet til naturfarar skal avklarast i ROS-analyse. I tillegg bør ROS-analyse vurdere risikoen som</p>	<p>I det endelege planforslaget er det kun snakk om å etablere en zipline, som er veldig nedskalert i forhold til tiltaka som var varsla ved oppstart av planarbeidet. Det er difor ikkje gjennomført ei gjennomgåande vurdering av ein Via Ferrata.</p> <p>Merknad er teken til orientering</p> <p>Det er i planarbeidet gjennomført ei vurdering hekkelokaliteten av ein ornitolog. I etterkant av denne vurderinga er tiltaket redusert ytterlegare.</p> <p>Merknad er teken til orientering</p> <p>Denne delen av merknaden er teken til følgje</p> <p>Det er gjennomført vurderingar av den reelle skredfaren i tidlegare planarbeid. Desse vurderingane er også lagt til grunn for dette planarbeidet.</p> <p>Merknad tas til følgje</p>

		følgjer med denne typen attraksjon. Til dømes tryggleiken for dei som jobbar der, og dei som besøker attraksjonen.	
2	30.08.2018/ Møre og Romsdal fylkeskommune	<p>Oppstartsvarselet gir lite informasjon om omfang og driftsmodell for tiltaket.</p> <p>Tiltaket ligg i eit område med internasjonale landskapsverdiar og er en av dei mest besøkte turistområda i landet. Området har verdsarvstatus og Geirangervegen inngår i Statens vegvesen sin verneplan og er freda etter Kulturminneloven.</p>	<p>Det er sjeldan ein seier noko spesifikt om driftsmodell i ein reguleringsplan. Når det gjeld omfang av tiltaket, er det i brev om varsel om oppstart vist til Nordplan sine heimesider for meir informasjon. Her låg den mest relevante informasjonen om tiltaket som vi hadde på gjeldande tidspunkt.</p> <p>Nordplan er kjent med og tek omsyn til landskapet og kulturminneverdiar i planarbeidet.</p> <p>Merknad er teken til orientering</p>
3	10.07.2018/ Statens vegvesen	Zipline vil føre til auka trafikk og ytterlegare belastning på trafikksystemet i Geiranger. Det vil vere behov for parkeringsplass i nærleiken av start- og endepunkt og desse omsyna må innarbeidast i planen med føresegner.	<p>Slik planen framstår no, er tiltaket så redusert at ein ikkje kan sjå at det vil føre til stor auke i trafikken. Norsk Fjordsenter vil vere start- og endepunkt for ziplinen.</p> <p>Merknad er teken til orientering</p>
4	29.08.2018/NVE	<p>Store delar av planområdet ligg innanfor aksemdskart for snøskred og steinsprang. Delar av planområdet er også omfatta av aksemdskart for jord- og flaumskred. I Geiranger er det gjort fleire vurderingar av reell rasfare og det er utarbeidd faresonekart i bratt terreng for delar av skissert planområde.</p> <p>I ROS-analysen må ein vurdere om eksisterande kunnskap om både ras- og flaumfare er tilstrekkeleg for planlagt tiltak.</p>	Merknad er teken til følge
5	24.08.2018/Stranda Hamnevesen KF	<p>Stranda Hamnevesen KF er svært positive til å legge til rette for zipline i Geiranger og trekker fram forhold som miljøvennleg aktivitet, eksisternade infrastruktur, nye arbeidsplasser med meir.</p> <p>Stranda hamnevesen påpeike at det er viktig at tiltaket ikkje kjem i konflikt med regulert bustadareal på Berget.</p>	Merknad er teken til orientering
6	10.09.2018/ Eystein Liavaag og Sigurd Liavaag	<p>Innspelet er svært kritisk til tiltak i området, både ein større zipline med utgangspunkt frå toppen av Flydalsjuvet og ein mindre zipline langs Maråkelva.</p> <p>Det blir vist til at tiltaket ligg i naturtype bekkekløft og bergvegg, samt at området er hekkeområde for</p>	<p>Det er gjennomført vurderingar både i forhold til hekkeområde og naturmangfaldet elles. Dette går</p>

		<p>rovfugl. Området er i sin heilskap lite undersøkt av ornitologar og andre fagfolk. Det bør gjerast før ein konkluderer i saka.</p> <p>Zipline 3 ender opp i eit beite og kalveområde for hjort.</p> <p>Eit anna argument er området bak Fjordsenteret og den gamle setervegen frå Gjørva gardane, via Flydalen og Opplenskedalen til setrane i Kvanndalen. Denne setervegen er eit viktig kulturminne. Geiranger har bevart mykje av sin opprinnelege driftsform, gardsdrift og husdyrhald. Dette ble vesentleg vektlagt da Geiranger fekk sin Verdsarvstatus. For å behalde denne statusen er det viktig å bevare denne kulturen.</p> <p>Tiltaket vil være i konflikt med intensjonen med verdsarvområdet og bli ei belastning i eit verneverdig område med variert plante og dyreliv.</p> <p>Område er allereie sterkt belasta og toalettkapasiteten er sprengt, sjølv etter at toalettforholda ved Fjordsenteret vart utvida.</p> <p>Geiranger står i fare for å miste identiteten sin, totalt prega av trengsel og masseturisme. Vern og forvaltning av dette området er viktig for å få ein bærekraftig turistnæring. Dette er eit spektakulært område som bør bevarast så autentisk som mogleg, for våre etterkommara. Det er nettopp det opprinnelege som gjer Geiranger unikt.</p> <p>Ber om løpande orientering om framdrifta i saka, samt motta melding om synfaring.</p>	<p>fram av ROS-analyse, planomtalen og rapport om hekkelokalitet for hubro.</p> <p>Merknad er teken til orientering</p> <p>Det endelege planforslaget er endra slik at dette ikkje er ei problemstilling.</p> <p>Slik planforslaget føreligg no så er det ingen konflikt mellom setervegen og ziplinen. Sjølv om varsla planavgrensing var i kontakt med setervegen, har det aldri vore planar om fysiske inngrep i denne. Geiranger si verdsarvstatus er også omtala i planarbeidet.</p> <p>Merknad er teken til orientering</p> <p>Vi kan ikkje sjå at planforslag er i konflikt med verken verdsarvområdet eller naturmangfaldet.</p> <p>Merknad er teken til orientering</p> <p>Korleis ein skal forvalte og regulere Geiranger og turismen er ein viktig diskusjon, men det er diskusjonar som må takast på eit overordna nivå.</p> <p>Explore Geiranger sin intensjon med zipline er å tilby naturbaserte opplevingar. Ziplinen er tenkt som eit basistilbod og kjernen i ei verksemd som ynskjer å tilby guida naturopplevingar i Geiranger utan ytterlegare fysisk tilrettelegging. Grunntanken er å tilby tenester og opplevingar som gjer dei besøkande ein grunn til å bli værande. Å skape tilbod som får turistane til å bli verande vil vere ei god tilnærming viss ein ynskjer å redusere volumet av turistar i Geiranger.</p> <p>Merknad er teken til orientering</p> <p>Når det gjeld orientering i saka, blir dette gjort i samsvar med plan- og bygningslova. Det var gjennomført ei synfaring med Fylkesmannen til stade. Dette vart gjort før varsel om oppstart. Det er ikkje gjennomført fleire synfaringar etter dette.</p> <p>Merknad er teken til orientering</p>
--	--	--	--



Nordplan AS, avd. Ålesund
Notensgata 14
6002 ÅLESUND

Stranda kommune

Detaljregulering av Zip-line i Geiranger

Fråsegn til varsel om oppstart

Fylkesmannen er statens representant i fylket og har m.a. ansvar for å følge opp vedtak, mål og retningslinjer frå Stortinget og regjeringa. I den kommunale planlegginga skal vi sjå til at kommunane tar omsyn til viktige regionale og nasjonale interesser som gjeld arealforvaltning, landbruk, klima og miljø, oppvekst, helse og samfunnstryggleik.

Bakgrunn

Det er meldt oppstart av detaljregulering for zip-line i Geiranger. Det er lagt fram to ulike alternativ for zip-linen. Begge alternativa vil vere ein del av ei totalpakke som også inkluderer ein Via Ferrata. Via Ferrataen vil ha startpunkt ved Fjordsenteret og gå opp til Flydalsjuvet. Alternativ 1 for zip-line består av tre lange strekningar, med startpunkt like ved utsiktspunktet ved Flydalsjuvet og endepunkt nede ved Norsk Fjordsenter. Alternativ 2 er eit mindre prosjekt som går frå tre til tre langs med Maråkelva.

Fylkesmannen har vore kjent med planane for desse tiltaka sidan november 2017. Det vart gjennomført eit orienteringsmøte på fylkeshuset i januar 2018. I mai var vi på synfaring i Geiranger saman med tiltakshavar, Norconsult og Stranda kommune. Vi har gitt to førehandsvurderingar av 21.12.2017 og 12.06.2018.

I e-post til oss av 12.07.2018 går det fram at alternativ 1 er forkasta, og at ein tek til etterretning vår tilbakemelding etter synfaring. Zip-linen skal såleis planleggast i tråd med vårt innspel i brev av 12.06.2018. Dette er også bekrefta av tiltakshavar over telefon 27.08.2018. Fylkesmannen er nøgd med at ein har tatt omsyn til våre merknader. For vurdering av alternativ 1 viser vi til våre tidlegare fråsegn. Fylkesmannen har ut frå våre ansvarsområde følgande merknader til alternativ 2 og planlagt Via Ferrata (her vil vi gjenta ein god del av det vi har gitt uttrykk for i tidlegare fråsegn):

Planfagleg

Ein bør sjå Via Ferrata og zip-linen i samanheng, og det må gjerast ei heilskapleg vurdering av begge tiltaka. Det går ikkje tydeleg fram av oppstartsvarselet om reguleringsplanen også skal omfatte Via Ferrataen. I ein reguleringsplan vil ein sikre medverknad og god saksbehandling. Ein får avklart arealbruken, kan sette vilkår for bruk

av anlegget, fastsette føresegner om tilbakeføring dersom anlegget ikkje lenger blir vedlikehalde m.v. Ofte vil tiltaket utløyse behov for fleire tiltak knytt til sjølve stien og Via Ferrataen, slik at tiltaket blir større samla enn ein først hadde tenkt. Vi meiner kommunen bør krevje reguleringsplan for desse tiltaka samla, og at all tilrettelegging som vil følgje av dei planlagde tiltaka blir synleggjort i planen.

Natur- og miljøvern

Naturmangfald

Tiltaket vil kunne kome i konflikt med ein registrert hekkelokalitet for hubro. Hubro er ein sterkt truga art på norsk raudliste 2015. Siste registrering av hubro i Flydalsjuvet var i 2006. Lokaliteten er likevel vurdert til å vere eit godt territorium for hubro og er eit område som det kan etablere seg hubro på igjen om området får ligge urørt. Fylkesmannen er uroa for aktivitet og styring av ferdsel mot juvet med tanke på hubro og anna rovfugl. Det er eit mål å få opp hubrobestanden i fylket, og vi skal prioritere å ta vare på kjente hubrolokaliteter. Vi viser også til at det er utarbeidd eigen handlingsplan for hubro (Direktoratet for naturforvaltning, 2009). Forstyrning i hekketida og vaierar vil utgjere fare for eventuell hekkesuksess og overleving for hubro i området.

Vi har tidlegare bedt om at det blir utført ei kartlegging/vurdering av området kvalitet som hekkeområde og funksjonsområde for rovfuglar, og spesielt hubro. Vi har varsla at vi vil vurdere å fremje motsegn til ein reguleringsplan som vil bidra til å redusere hekkesuksessen til hubro. I vårt brev av 12.06.2018 går det fram at vi ville kunne opne for zip-line alternativ 2 om ein tek ut dei to øvste punkta, jf. kartet i oppstartsvarelet. Vi konkluderte med at vi ikkje ville gå i mot eit slikt alternativ om ein tek tilstrekkeleg omsyn til elvelandskapet og registrert naturtype.

Vi er kjent med at Faunafokus AS har utarbeidd ein rapport med ei slik vurdering som vi har etterspurt (*Faunafokus AS (Notat 2018: 2): Synspunkt angående Via Ferrata og Zipline i Flydalsjuvet, Gjørvaaberget og Maråkelva i Geiranger, Stranda kommune, Møre og Romsdal i forhold til rovfugl generelt og hubro spesielt*). Ut frå denne rapporten går det fram at dei vurderer også alternativ 2 som problematisk i høve hubro og andre fuglar i området. Hubro kan opphalde seg i relativ tett skog. Det blir konkludert med at det beste vil vere å ikkje strekke opp fleire strengar i terrenget som utgjere risiko for kollisjon. Det er vist til avbøtande tiltak som ikkje synast særleg realistiske.

Når det gjeld Via Ferrata står det i rapporten at ein på generelt grunnlag rår til å ikkje lede folk opp mot hekkeplassen, og viser til at ein ikkje har sikre opplysningar om eksakt hekkestad eller kor hubroen oppheld seg. Dette støttar opp om det vi har vore uroa for. Rapporten viser også til at ein bør kartlegge den planlagde ruta for raudlista mose-, lauv- plante- og soppantar. Fylkesmannen støttar dette.

Vi viser til naturmangfaldlova § 5 som seier at det er eit mål at «*artene og deres genetiske mangfold ivaretas på lang sikt og at artene forekommer i levedyktige bestander i sine naturlige utbredelsesområder. Så langt det er nødvendig for å nå dette målet ivaretas også artenes økologiske funksjonsområder og de øvrige økologiske betingelsene som de er avhengige av*». Ein må vurdere om tiltaka kan medføre at det blir

vanskeleg å nå forvaltningsmåla for hubroen. Jo meir truga arten er, jo lettare vil tiltaket kome i konflikt med bevaringsmåla.

Vi minner elles om naturmangfaldlova, der ein etter § 7 skal legge prinsippa i §§ 8-12 til grunn som retningslinjer ved utøving av offentleg mynde. Det må difor gå klart fram av planomtalen korleis desse prinsippa er tatt omsyn til og vektlagt i vurderinga av saka. Klima- og miljødepartementets rettleiar «*Naturmangfoldloven kapittel II, Alminnelige bestemmelser om berekraftig bruk*» som kan vere til god hjelp når ein skal vurdere prinsippa.

Her ber vi om at ein særleg legg vekt på § 10 i naturmangfaldlova. Føremålet med § 10 er så sjå verknaden av dette tiltaket i samanheng med andre effektar. Altså ei vurdering av samla belastning på naturmangfaldet, der ein legg både eksisterande og planlagde påverknadsfaktorar til grunn. Prinsippet skal motarbeide ei bit-for-bit-svekking av naturmangfald og gradvis forvitring av artars leveområde.

Landskap/Urørt natur/friluftsliv

Landskapet i Geiranger er i ei særklasse av nasjonal og internasjonal verdi, jf. nærliggande landskapsvernområde og verdsarvstatus. Alternativ 2 kryssar over det varig verna vassdraget Maråkelva. Det fysiske avtrykket for dette alternativet vil vere lite sett i stor skala. Naturbasert næringsliv kan føre til at nye grupper får oppleve friluftsliv og det i seg sjølv vil vere positivt for folkehelsa. For omfattande tilrettelegging kan samtidig redusere opplevingsverdiar av urørt natur. Tiltaket vil difor kunne redusere opplevingsverdien for nokre menneske i favør av ei gruppe menneske som søker spaning og naturopplevingar i eitt.

Naturvenleg tilrettelegging er eit overordna prinsipp for all tilrettelegging for friluftsliv. Tilrettelegging skal hindre at friluftslivsaktivitet fører til unødig slitasje og forstyrring på naturmangfaldet og kulturlandskapet, og skal sikre at opplevingsverdien blir teke vare på.

Naturvenleg tilrettelegging i dette tilfellet vil innebere å ta tilstrekkeleg omsyn til hubro og annan rovfugl som oppheld seg i området, unngå slitasje på den registrerte naturtypen *bekkekløft og bergvegg* av *svært viktig* verdi, og ta omsyn til landskapet med verdsarvstatus og verna vassdrag. For verna vassdrag skal ein «*unngå inngrep som reduserer verdien for landskapsbilde, naturvern, friluftsliv, vilt, fisk, kulturminner og kulturmiljø*», jf. *Rikspolitiske retningslinjer for vernede vassdrag, kap. 3 punkt a*. Vi gjentar at landskapsverknadene må vurderast grundig.

Samfunnstryggleik og klimatilpassing

Tiltaket er planlagt i eit område som er utsett for naturfare, spesielt skred og flaum. Med tanke på samfunnstryggleik meiner Fylkesmannen kommunen må vere medviten den risiko som følgjer med å legge til rette for opphald i potensielt farlege område. Dette blir spesielt viktig dersom tiltaket legg til rette for større folkemengder over lengre tid. For at kommunen skal kunne ta stilling til om risikoen er akseptabel må det gjennomførast ein ROS-analyse der mellom anna den reelle naturfaren avklarast. Dette vil òg vere til hjelp når ein skal planlegge kvar folk bør/skal opphalde seg medan dei ventar/ser på attraksjonen.

ROS-analysen bør i tillegg til risiko og sårbarheit knytt til den fysiske plasseringa, òg vurdere risikoen som følgjer med denne type attraksjon. Vi meiner til dømes det er relevant å vurdere korleis tryggleiken skal varetakast for dei som jobbar der, og dei som besøker attraksjonen.

Geiranger har avgrensa trygge byggeareal. Derfor meiner Fylkesmannen det er spesielt viktig at attraksjonen ikkje blir eit hinder for framtidig utbygging på trygge område.

Konklusjon

Fylkesmannen er uroa for at Via Ferrataen vil lede folk i retning hekkeområde for hubro.

Zip-line alternativ 2 vil gje mindre uheldige landskapsverknader enn alternativ 1. Vi har tidlegare uttalt at vi er opne for alternativ 2 om ein fjernar dei to øvste punkta. Dette fordi eit slikt alternativ ikkje fører folk heilt opp til juvet samtidig som det gir færre kryssingar over elva. Ein må vurdere om tiltaka kan medføre at det blir vanskeleg å nå forvaltningsmåla for hubro, jf. § 5 i naturmangfaldlova. Vi viser også til prinsippa jf. § 7 i same lov, og då spesielt § 10 om samla belastning.

Det er elles viktig at all tilrettelegging som vil følgje av dei planlagde tiltaka blir synleggjort gjennom reguleringsplanen.

Vi påpeiker også at tiltaket ikkje må bli eit hinder for framtidig utbygging på trygge område.

Vi viser elles til merknadene over og ber om at dei vert tekne omsyn til.

Med helsing

Jon Ivar Eikeland (e.f)
fagsjef - plansamordning

Jorunn Mittet Eriksen
rådgivar

Dokumentet er elektronisk godkjent og har ingen signatur.

Fagsaksbehandlar

Samfunnstryggleik: Renate Frøyen, tlf. 71 25 84 15

Kopi

Stranda kommune

Møre og Romsdal fylkeskommune, Fylkeshuset, 6404 Molde

Statens vegvesen, Region midt, pb. 2525, 6404 Molde



Møre og Romsdal
fylkeskommune

Nordplan AS avd. Ålesund
Apotekergata 9 A
6004 ÅLESUND

Dykkar ref:	Dykkar dato:	Vår ref:	Vår saksbehandlar:	Vår dato:
	29.06.2018	80107/2018/REGULERINGSPLAN/1525	Synnøve Valle, 71 28 02 39	30.08.2018

Stranda kommune - detaljregulering - reguleringsplan - zip-line i Geiranger - Flydalsjuvet/Maråkelva/Gjørvaberget - fråsegn ved varsel om oppstart

Saka gjeld etablering av zip-line ved Flydalsjuvet i Geiranger. Det er tenkt å utgreie to alternativ: Det eine er tenkt starta ved Flydalsjuvet og skal ende ved Norsk Fjordsenter. Det andre alternativet er eit mindre prosjekt som går frå tre til tre langs Maråkelva. Begge alternativa vil vere ein del av eit totalpakke som også inkluderer ein Via Ferrata.

Møre og Romsdal fylkeskommune har ut frå sine ansvarsområde følgjande merknader:

Planfaglege merknader

Oppstartsvarselet gir lite informasjon om omfang og driftsmodell for tiltaket. Det er ikkje skissert kva andre infrastrukturtiltak denne etableringa kan føre til, for eksempel etablering av parkeringsplassar osv. I samband med dette viser vi til uttalen frå Statens vegvesen som på vegner av Møre og Romsdal fylkeskommune varslar motsegn dersom det ikkje er teke omsyn til dette.

Kulturminne frå nyare tid

Tiltaket er planlagt i eit område med internasjonale landskapsverdiar og er av dei mest besøkte turistområda i landet. Det har verdsarvstatus og Geirangervegen inngår i Statens vegvesen sin verneplan freda og etter Kulturminneloven §22a (FOR-2009-12-21-1802). I brevet med varsel om oppstart om detaljregulering er det i liten grad informasjon om kva omfang tiltaket vil få. Vil det føre til auka trafikk? Vil det medføre behov for parkeringsplassar, toalett eller anna infrastruktur? Flydalsjuvet er eit allereie etablert utsiktspunkt i «hjartet» i Geiranger. Vil tiltaket påverke denne landskapsopplevinga? Eventuelt i kva grad? Kva betydning vil det få for reiselivet?

Til opplysning i saka vil vi referere frå ein uttale frå Vegdirektoratet vedrørende den freda Geirangervegen: «Formålet med fredninga av vegen er å bevare vegen som tidstypisk Chaussee som går frå fjord til fjell i et bratt landskapsrom. Fredningen omfatter hele vegprofilen med skråningsutslag, linjeføring med hårnålsvinger, vegsløyfe, steinhvelvsbruer og steinmurar. Vegen er nært knyttet til kulturlandskapet og er sårbar for ytterligere inngrep. Stranda kommune har sett på fortaus-løsning langs vegen grunnet mange fotgjengere som går til utsiktsplassen. Et slikt tiltak vil redusere verneverdien av den fredete vegen.»

KONKLUSJON

Oppstartsvarselet gir liten informasjon om kva omfang tiltaket vil ha for til dømes verdsarvstatus og den freda vegen gjennom Geiranger. Planen kan gje grunn for motsegn når den vert sendt på høyring.

Med helsing

Johnny Loen
plansamordnar

Synnøve Valle
rådgivar

Brevet er elektronisk godkjent og vil ikkje bli sendt i papir

Fagsaksbehandlar [

Kulturminne frå nyare tid: Rådgivar Siv Aksdal, tlf. 71 58 03 36

Kopi:
Stranda kommune
Statens vegvesen, Region midt
Fylkesmannen i Møre og Romsdal



Statens vegvesen



Møre og Romsdal
fylkeskommune

Nordplan AS – Ålesund
Apotekergata 9A
6004 ÅLESUND

Anette Solbakk

Behandlande eining:
Region midt

Sakshandsamar/telefon:
Jan-Kristian Janson / 9041 2554

Vår referanse:
18/154107-2

Dykkar referanse:

Vår dato:
10.07.2018

Fylkesveg 63 i Stranda kommune – Fråsegn til varsel om oppstart – Reguleringsplan – Zip-line i Geiranger – Varsel om motsegn

Viser til dykkar brev av 29.06.2018.

I dei siste åra er det etablert fleire zip-line i Noreg og dette er ofte ein populær aktivitet. Denne populariteten vil skape auka trafikk og ytterlegare belastning på trafikksystemet i Geiranger. Det vil vere behov for parkeringsplass i nærleiken av start- og endepunkt og desse omsyna må innarbeidast i planen med føresegnar. Vi viser i denne samanheng til tidlegare møte om denne saken. Dersom nemnde omsyn ikkje er innarbeidd i plan og føresegnar når planen skal ut til offentleg ettersyn vil vi varsle motsegn til planforslaget.

Flyfoto av aktuelt område:



Møre og Romsdal fylkeskommune har ansvaret for fylkesvegane, avgjør hvilke prosjekter som skal gjennomføres hvert år og gir politiske føringer for utvikling av fylkesvegane. Det er Statens vegvesen som normalt planlegger, bygger, drifter og vedlikeholder fylkesvegane på vegne av fylkeskommunen.

Postadresse
Statens vegvesen
Region midt
Postboks 2525
6404 MOLDE

Telefon: 22 07 30 00
firmapost-midt@vegvesen.no
Org.nr: 971032081

Kontoradresse
Vestre Olsvikveg 13
6019 ÅLESUND

Fakturaadresse
Statens vegvesen
Regnskap
Postboks 702
9815 Vadsø

Vegavdelinga
Med helsing

Torgeir Bye
fung. avdelingsdirektør

Lisbeth Smørholm
seksjonsleder

Dokumentet er godkjent elektronisk og har difor ingen handskrivne signaturar.

Kopi

Fylkesmannen i Møre og Romsdal, Postboks 2520, 6404 MOLDE
Møre og Romsdal fylkeskommune, Postboks 2500, 6404 MOLDE
Stranda kommune, Øyna 13, 6200 STRANDA

Nordplan AS - Ålesund
Notenesgata 14
6002 ÅLESUND

Vår dato: 29.08.2018
Vår ref.: 201836702-2
Arkiv: 323
Dykkar dato: 29.06.2018
Dykkar ref.: Halvard V. Straume

Sakshandsamar:
Ole-Jakob Sande

NVE si fråsegn - Varsel om planoppstart - Detaljregulering Zip-line i Geiranger - Flydalsjuvet / Maråkerelva / Gjørvaberget - 2 alternativ - Stranda kommune

Vi viser til varsel om planstart av reguleringsarbeid datert 29.06.2018. Føremålet med planarbeidet er legge til rette for etablering av zip-liner med tilhøyrande funksjonar.....

Noregs vassdrags- og energidirektorat (NVE) er nasjonal sektormynde innanfor saksområda flaum- og skredfare, ålmenne interesser i vassdrag og grunnvatn, og anlegg for energiproduksjon og framføring av elektrisk kraft. NVE gir råd og rettleiing om korleis desse saksområda skal takast omsyn til ved utarbeiding av arealplanar etter Plan- og bygningslova (PBL).

Ved oppstart av planarbeidet rår vi til å nytte følgjande rettleiar og verktøy:

- [NVE sine karttenester](#) syner oppdatert informasjon om flaum- og skredfare, vassdrag og energianlegg innanfor det aktuelle planområdet.
- [NVE rettleiar 2/2017 Nasjonale og vesentlige regionale interesser innan NVEs saksområder i arealplanlegging](#) skildrar korleis desse interessene bør takast i vare i planen, slik at ein unngår motsegn.
- [NVE si sjekkliste for reguleringsplan](#) kan være eit nyttig verktøy, for å sikre at alle relevante saksområde er vurdert.
- Fleire nyttige rettleiarar og verktøy er tilgjengeleg på www.nve.no/arealplan.

Konkret innspel:

Store delar av planområdet ligg innanfor aktsemdskart for Snøskred og Steinsprang (NGI), jf. [NVE Atlas](#). Delar av planområdet er også omfatta av aktsemdskartet for jord- og flaumskred. I Geiranger er det gjort fleire vurderingar av reell rasfare, og det er m.a. utarbeidd faresonekart i bratt terreng for delar av skissert planområde som er tilgjengeleg på NVE Atlas. Aktuelle faresoner bør regulerast med omsynssone i plankartet.

NVE meiner at det i arbeidet med Risiko- og sårbaranalysen (ROS) må vurderast om eksisterande kunnskap om både ras- og flaumfare er tilstrekkeleg for planlagt tiltak. Eventuelle nye utgreiingar om reell fare må utførast av fagkyndig.

E-post: nve@nve.no, Postboks 5091, Majorstuen, 0301 OSLO, Telefon: 09575, Internett: www.nve.no

Org.nr.: NO 970 205 039 MVA Bankkonto: 7694 05 08971

Hovedkontor
Middelthunsgate 29
Postboks 5091, Majorstuen
0301 OSLO

Region Midt-Norge
Abels gate 9
7030 TRONDHEIM

Region Nord
Kongens gate 14-18
8514 NARVIK

Region Sør
Anton Jenssensgate 7
Postboks 2124
3103 TØNSBERG

Region Vest
Naustdalsvegen. 1B
6800 FØRDE

Region Øst
Vangsveien 73
Postboks 4223
2307 HAMAR

I følge Vassressurslova (VRL) §11 skal det langs breidda av vassdrag med årssikker vassføring oppretthaldast eit avgrensa naturleg vegetasjonsbelte som motverkar avrenning og gir levestad for plantar og dyr. Breidda på vegetasjonsbeltet kan fastsettast i reguleringsplanen. Arealbrukskategorien «Bruk og vern av sjø og vassdrag», jf. PBL §12-5 nr 6, kan nyttast til å merke vasstreng. Vassdrag kan også regulerast til «Natur og friluftsliv».

Dersom planen inneber inngrep i vassdraget må det gjerast greie for om det er knytt allmenne interesser til vassdraget, og korleis inngrepet påverkar desse interessene. Som døme på allmenne interesser kan nemnast fiskens frie gang, allmenn ferdsel, naturvern, biologisk mangfald, vitskapleg interesse, kultur og landskapsomsyn, jordvern, omsyn til flaum og skred osb. Det bør også gjerast greie for eventuelle avbøtande tiltak for å redusere konsekvensar for allmenne interesser.

[Geirangerelva](#) er verna mot kraftutbygging gjennom verneplan for vassdrag. Rikspolitiske retningslinjer for verna vassdrag skal leggast til grunn i planarbeidet. Retningslinjene gjeld hovudelv, sideelvar, større bekkar, sjø og tjern og eit område på inntil 100 m breidd på sidene av desse. Det må gjerast vurderingar på kva konsekvensar planlagt arealbruk vil ha for verneverdiane knytt til vassdraget.

Ein høgspenteledning som kryssar skissert planområde er en del av distribusjonsnett. Mindre kraftleidningsanlegg innanfor områdekonsesjonane fell innanfor virkeområdet til PBL og kan settast av i plankartet som teknisk infrastruktur etter PBL § 11-7 nr. 2.

I plandokumenta må det være skildra kva vurderingar som er gjort, og gå tydeleg fram korleis omsyna er innarbeidd i planen. **Det er viktig at alle relevante fagutgreiingar innan NVE sine saksområde er vedlagt.** Vi ber om at alle plandokument vert sendt elektronisk til rv@nve.no.

NVE vil prioritere å gi innspel og uttale til reguleringsplaner der det vert bede om fagleg hjelp til konkrete problemstillingar. Dette går fram av [brev til kommunane datert 29.09.2017 om «NVEs bistand og verktøy i arealplanleggingen»](#).

Ta gjerne kontakt på e-post eller telefon ved konkrete spørsmål om NVE sine saksområde.

Med helsing

Brigt Samdal
regionsjef

Ole-Jakob Sande
senioringeniør

Dokumentet vert sendt utan underskrift. Det er godkjent etter interne rutinar.

Vedlegg:

Kopi til:



Fylkesmannen i Møre og Romsdal
Stranda kommune



Nordplan AS

Vår ref.: 18/1110-1

Dykkar ref.:

Arkiv:

Dato: 24.08.2018

ZIP- line i Geiranger - uttale frå Stranda hamnevesen

Stranda hamnevesen KF meiner at bygging av ei Zip-line på Flydalsjuvet i Geiranger er eit svært positiv tiltak og ber om at kommunen startar opp med nødvendig detaljregulering.

Flydalsjuvet er ei heilt rett plassering for ein Zip-line-aktivitet fordi:

- Plassering av konstruksjon og miljøpåverknad som følgjer med bygging av infrastrukturen til Ziplina, er minimal.
- Det er ein miljøvenleg aktivitet og ein gjer på denne måten bruk av eit spennande område som ikkje er tilgjengelig for publikum i dag.
- Dei helsemessige fordelene som er knytta til ein slik utandørs aktivitet er, som Explore Geiranger skriv, gunstig for både innbyggjarar og turistar.
- Ei slik investering vil gje økonomiske fordelar og skape nye arbeidsplassar og utvikling i Geiranger.
- Zip-line vil naturleg bidra til ei utvikling av heile Geirangerområdet i samsvar med både Masterplan og kommunen sitt utkast til Samfunnsplan.
- Tilbodet om Zip-line vil bidra til å beholde besøkande i området over ein lengre periode enn dei 18 % som kun er i området i 2-5 timar i dag.*

Det er viktig at ei Zip-line ikkje kjem i konflikt med bustadarealet i reguleringsplan Berget.

Venleg helsing
Stranda hamnevesen KF

Rita Berstad Maraak
Hammesjef

Dette brevet er godkjent elektronisk i Stranda kommune og har derfor ikkje signatur.

*Kjelde: Rapportutkast 28.04.2017, Besøksforvaltning og lokalsamfunnsutvikling i verdensarvområdene Nærøyfjorden og Geirangerfjorden.

Kopi til:
Stranda kommune

Eystein Liavaag
Blåbærsvingen 41
0789 Oslo

Sigurd Liavaag
Terneholmen 5
4839 Arendal

Nordplan AS
Avd. Ålesund
Notnesgata 14
6002 Ålesund

Oslo 10.09.2018

ATT: Saksbehandler H.V. Straume

Tilsvaer om oppstart av detaljregulering av zip-line i Geiranger

Norplan har på vegne av Explore Geiranger kommet med varsel om oppstart av detaljregulering for zip-line i Geiranger. Konseptet er å guide turister opp Flydalsjuvet gjennom ei klatrerute (via ferrata). Nesten oppe ved utsiktspunktet i Flydalsjuvet, skal turistene sendes med en zip-line, som krysser juvet i 3 etapper, for så å ende like ovenfor Fjordsenteret.

Vi bekrefter å ha mottatt e-post med utsatt svarfrist til 14.09.19, og takker for det.

I vårt brev av 11.07.18 ba vi om å få tilsendt nye, oppdaterte kart med målestokk, hvor den løsningen dere søker om, er nøyaktig inntegnet. Kartet vi mottok, var det samme som dere hadde sendt tidligere. I telefonsamtale opplyste Eirik Vaage, at det mest omfattende forslaget ikke ville bli fremmet (zip-line 1,2 og3). Medfører dette riktighet ? Vi ber om å få tilsendt det alternativet som oppdragsgiver nå ønsker å starte opp detaljregulering av.

Vi ønsker å komme med følgende anmerkninger før oppstart:

Tiltaket er planlagt i et elveløp og bergveggsområde med ulike, velutviklede småmiljøer og tydelig meget gode fuktighetsforhold. Både zip 1 og zip 2 vil berøre dette området, hvor det også er hekkeområde for rovfugl. Området er i sin helhet lite undersøkt av ornitologer og andre fagfolk. Nærmere undersøkelser bør foretas, før det konkluderes i saken. Zip 3 ender opp i et område som er beite og kalveområde for hjort.

Et annet tungtveiende argument, er så langt vi kan se, ikke hensyntatt. I området bak Fjordsenteret går den gamle seterveien opp fra Gjørva gardane, via Flydalen og Opplenskedalen til setrene i Kvanndalen. Denne seterveien er et viktig kulturminne fra seterdriften, som var en nødvendig del av livsgrunnlaget for folket i Geiranger. Det at Geiranger har bevart så mye av sin opprinnelige driftsform, gardsdrift og husdyrhold, ble vesentlig vektlagt da Geiranger fikk sin Verdensarvstatus. For å beholde denne statusen er det viktig å bevare denne kulturen.

Etter vår mening vil zip-line prosjektet komme i konflikt med intensjonen med verdensarvområdet og det vil bli en belastning i et verneverdig område med et variert dyre og planteliv.

I tillegg til den unike kulturen, som er bevaringsverdig, vil vi anmerke følgende:

Øvre og nedre del av det aktuelle området er allerede sterkt belastet og toalettkapasiteten er sprengt. Det ser vi både rundt og ved adkomsten til vår eiendom, rett ovenfor Fjordsenteret, selv etter at toalettforholdene ved Fjordsenteret ble utvidet. Forholdene oppe ved Flydalsjuvet er til tider uhygieniske og toalettkapasiteten burde for lengst vært utbedret.

Geiranger står i fare for å mistet identiteten sin, totalt preget av trengsel og masseturisme. Den planlagte via ferrata og zip-line legges inn i et allerede sterkt belastet område. Vern og forvaltning av dette området er viktig for å få en bærekraftig turistnæring.

Vi har forståelse for at det ønskelig med aktivitet i bygda. Men kan ikke se at en via ferrata og langt mindre en zip-line, med de ulemper det medfører, er forenlig med det ansvar Stranda kommune har påtatt seg i verdensarvområdet. Et spektakulært område, som bør bevares så autentisk som mulig, for våre etterkommere. Det er nettopp det opprinnelige som gjør Geiranger unik.

Avslutningsvis anmoder vi om å bli løpende orientert om framdriften i saken, samt å motta melding om befaringer i sakens anledning.

Med vennlig hilsen

(sign)

Eystein Liavaag og Sigurd Liavaag

Grunneier, naboer til det omsøkte tiltaket og Fjordsenteret
Berget, Gjørvaugane 36, Geiranger

Kopi til Stranda Kommune